

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Røysting

Innstillinga, unntake punkt 2 j) vart samrøystes vedteken.
Innstillinga punkt 2 j) vart vedteken mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner det er lagt opp til ein god prosess med tidelege innspel til arbeidet med stortingsmeldinga om «Bærekraftige byer og sterke distrikt». Regional planstrategi med forslag til mål og strategiar og relevante regionale planar gir eit godt fundamentert grunnlag for innspel til meldinga.
2. Fylkeskommunane har gode føresetnader for å kunne vera ein viktig aktør i by- og distriktpolitikken og kan tilpassa tiltak til dei aktuelle utfordringane i fylket. Fylkeskommunen har eit utstrakt samarbeid med kommunane, næringslivet og det regionale statsapparatet. Fylkeskommunen kan både samordna og prioritera innsats dit kor det trengs mest. Styrking av fylkeskommunen fører til styrking av by- og distriktpolitikken. Regionreforma og by- og distriktpolitikken bør derfor sjåast i samanheng.

Fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har i eit felles forventingsbrev datert 11.mars.2016 uttalt at fylkeskommunane må få eit tungt ansvar både for utviklingsoppgåver og tenesteproduksjon gjennom regionreforma. Vestlandsfylka ber om å få tilført oppgåver innan desse områda:

- a) Statens vegvesen sitt regionapparat, med tilhøyrande fylkesfunksjonar
 - b) Kulturrådet og tildelingar til regionale formål frå Kulturdepartementet
 - c) Kjøp av regionale jernbanetenester
 - d) Delar av Norges forskingsråd sine programområde
 - e) Konsesjons- og rettleiingsoppgåver frå NVE og anna regional naturressursforvaltning
 - f) Dei delane av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane
 - g) Regionale miljøvern- og landbruksforvaltningsoppgåver som ikkje inneber kontroll og tilsyn
 - h) Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) sine regionale funksjonar
 - i) I tillegg bør dei statlege høgskulane vurderast overført til regionane
 - j) Greie ut om ansvar, eigarskap og finansiering av heile eller delar av spesialisthelsetenestene bør leggjast til dei nye regionane
3. Fylkeskommunens økonomiske handlingsrom bør styrkast. Rammene må samsvara med oppgåver og utfordringar. Kollektivtransport er eit felt der det ut frå omsynet til berekraftig utvikling vil bli trong for auka rammer. Auka regionalt handlingsrom innan statlege overføringer vil gjera det mogeleg å tilpassa innsats til utfordringar regionalt og lokalt. Fylkeskommunen står forslag om å prøva ut utviklingsavtalar med statleg finansiering knytt til gjennomføring av regionale planar.
 4. Hordaland fylkeskommune meiner statlege organ må leggja større vekt på regionale planar i spørsmål som gjeld lokalisering, planlegging, forvaltning av økonomiske verkemiddel og forvaltningsvedtak. Det må oppretta reglar og rutinar som sikrar dette innafor alle statlege sektorar.
 5. Berekraftige byar og sterke distrikt må utviklast i samsvar med klimapolitiske mål. Det grøne skiftet må innarbeidast i næringsspolitikken gjennom å leggje til rette for miljøvenleg produksjon.
 6. By- og tettstadutvikling er eit prioritert satsingsområde i regional plan for attraktive senter. Utvikling av gode regionsenter er vektlagt spesielt. Statlege organ med publikumsretta tenester og kompetansearbeidsplassar bør bidra til å stø opp under senterstrukturen i fylket ved lokalisering i definerte senter.

Sterke distrikt er ein føresetnad for ei god senterutvikling. Det må vektleggjast tiltak som også stimulerer distrikta. Klimavennlege personbilar og god digital infrastruktur er viktige målretta tiltak. I ei

god regional utvikling må ein vektlegge rammevilkår og tiltak som utviklar landbruket som eit avgjerande fundament for reiseliv og matproduksjon.

7. Digital infrastruktur er avgjerande for å utvikla eit moderne samfunn og eit konkurransedyktig næringsliv. Statens nasjonale ansvar for likeverdig nett og fylkeskommunens koordinerande rolle i infrastrukturutbygginga bør styrkast.
8. Kommunale planar bør leggja større vekt på bustadplanlegging. Regionale bustad-, areal- og transportplanar må fylgjast opp i statleg forvaltning. Husbanken sine verkemiddel må knytast sterkare opp til by- og tettstadutvikling og fylgja opp senterstruktur i planane. Sosial bustadbygging og tilrettelegging av bustader skal bidra til integrering av ulike grupper og bør prioriterast.
9. Samspelet mellom utdanningsfeltet og samfunnet må utviklast slik at det er godt samsvar mellom behov og studieplassar. Finansiering og styring av høgskular og universitet må bidra til å utvikla betre kopling mellom utdanning og regionalt arbeidsliv. Hordaland er eit pilotfylke for betre kunnskapsgrunnlag og vil gjennom regional plan for kompetanse og arbeidskraft, førebu moglege tiltak for å styrke samhandlinga regionalt.